

Lindås kommune v/Byggesak

Eirik Berntsen

Eirik.berntsen@lindas.kommune.no

## **Søknad om dispensasjon frå plankrav vedrørende oppretting av ny paviljong – gbnr 213/6 Eikanger**

Viser til sak 19/1663.

### **Bakgrunn :**

Det er politisk vedtatt at Eikanger skule skal få ny paviljong – 2 etg. oppå allereie eksisterande paviljong. Dette for å gje elevane fleire klasserom og dermed løyse ut areal til spesialrom.

Eigedom gjekk i dialog med byggesaksavdelinga for å undersøkje kva plankrav som var naudsynte for tiltaket.

Undersøking viste at

- Kommuneplanen krev regulering av området

Byggesaksavdelinga har sagt at dei kan vurdere ein dispensasjonssøknad, men at utfalet på saka ikkje kan komme før dei har full oversikt på saka. Dispensasjonssøknaden må og på høyring hos fylkesmannen og evt. andre instansar.

### **Vurdering:**

- Den nye paviljongen vil ikkje ta ny «grunn», bere auke høgden på den allereie etablerte paviljongen.
- Elevtalet på skulen skal ikkje auke.
- Den nye paviljongen er av midlertidig karakter, sjølv om byggetiltaka søkas som permanent tiltak – etter råd fra byggesaksavdeling.
- Den nye paviljongen vil være i bruk i 6-10 år før den fjernest.
- Den nye paviljongen vil tilfredsstillе alle tekniske krav (TEK 17)

**Søknad:**

Eigedomsavdelinga ønskjer med dette å søke om dispensasjon frå krav om regulering for å kunne opprette ein paviljong – 2 etg. på eksisterande paviljong.

- Dispensasjonssøknaden må være gyldig i 10 år. I perioden juni 2019 – juni 2029
- Ein dispensasjon vil ikkje gje ulemper verken for privatpersonar/naboar eller ålmenta.

Med vennleg helsing

Renate Fossdal Tveiten for Lindås kommune eigedomsavdelinga